

ULVIK HERAD

SAKSPAPIR

SAKSGANG

| Utval | Møtedato | Utvallsak |
|-------------|------------|-----------|
| Formannskap | 11.05.2016 | 026/16 |

| Sakshandsamar | Arkiv: | Arkivsaknr |
|---------------|--------------------|------------|
| Meel, Reidar | K2 - N10, K3 - &13 | 16/260 - 3 |

Nasjonal Transportplan 2018-2029 - innspel.

Vedlegg:

Hardangerrådet Fråsegn 27.04.2016 Nasjonal transportplan 2018-2029.

Hardangerviddatunnelene Uttale til grunnlagsdokumentet NTP.

Uttale til Grunnlagsdokument Nasjonal Transportplan 2018-2029 VEDTATT VERSJON PDF.pdf

Hordaland Fylkeskommune. Nasjonal transportplan 2018-2029: invitasjon til å gje innspel.

Sakstilfang:

02.05.2016 Hardangerviddatunnelene Uttale til grunnlagsdokumentet NTP.

06.04.2016 Hordaland Fylkeskommune. Nasjonal transportplan 2018-2029: invitasjon til å gje innspel.

04.05.2016 Hardangerrådet Fråsegn 27.04.2016 Nasjonal transportplan 2018-2029.

Saksutgreiing:

Hordaland fylkeskommune har fått grunnlagsdokumentet til Nasjonal Transportplan (NTP) 2018-2029 til uttale med frist 1.juli 2016. Fylkeskommunen skal handsama sin uttale i fylkestinget 14/15.6.2016. Fylkeskommunen vil at kommunane kjem med innspel direkte innan 13. mai. Eit slik innspel må difor handsamast i formannskapet 11. mai 2016. Hardangerrådet har handsama saka i møte 27. april, og denne uttalen ligg som vedlegg i saka.

Ulvik herad er med i selskapet Hardangerviddatunellene AS (HVT AS) som er ein interesseorganisasjon for heilårsveg over Hardangervidda, gjennom bygging av tunellar. HVT AS har gjeve ein uttale i 11 punkt. Uttalen frå HTV AS ligg som vedlegg.

Vurdering:

Samferdsel er viktig for oss som bur i distrikta. Me vert kvar dag minna på kva gode og sikre vegar betyr. Difor bør me også koma med innspel til NTP 2018-2029 på sjølvstendig grunnlag.

RV7 over Hardangervidda er ein viktig for gjennomgangstrafikken i Hardanger. Det er og den kortaste vegen mellom aust og vest. Det vert lagt fram ein eigen KVU (Gol –Voss) om dette vegsambandet. Likevel er det viktig for oss å framheva framlegget om lang tunneløysing over Hardangervidda. Dette

er grunnleggande for å sikra vinterregulariteten over Hardangervidda. Reiselivet i Hardanger er heilt avhengig av å ha ein god og trygg heilårsveg. Skal reiselivet utvikla nye produkt er dei avhengig av å ha gode og trygge vegar, både sommar og vinter.

Vidare må me løfta fram Vossabanen Arna-Voss/E 16 Arna Voss som eit viktig satsingsområde i planperioden. I 2015 vart det bestemt at alternativet K5 skulle leggjast til grunn for ei bane/veg utbygging. Det betyr at det vert satsa både på bane og veg. Det må avsetjast nok midlar i NTP til at denne løysinga kan realiserast fortast mogleg. Dette er svært viktig for indre strok av Hordaland, som då vert knytta nærare Bergensregionen og omvendt. Dette er svært viktig for næringslivet og arbeidslivet.

Me bør og stå bak Hardangerrådet sin uttale om at FV 7 Granvin-Trengereid vert utbetra til å vera ein avlastningsveg for E 16 Voss-Trengereid. Fylgjeleg bør den oppgraderast til riksveg. I anleggsperioden for ny E 16 er det heilt nødvendig å ha eit alternativ i denne perioden.

Også RV 13 er ein viktig gjennomgangsveg i denne regionen. Det er viktig at det skjer utbetringar på strekninga gjennom Ullensvang (Odda-Bu), der det tidlegare er utarbeidd ei konsekvensutgreiing.

Til slutt er det viktig å nemna midlar til ras-sikring. I Hardanger må me leva med rasfaren året rundt. Likevel ser me lyspunkt når vegane vert utbetra, eller det vert bygd ein tunell gjennom ein bratt og farefull trase. Vår melding må vera at det må setjast av nok midlar til ras-sikring, og at dette må vera eit høgt prioritert område i planperioden.

Rådmannen sitt framlegg:

Ulvik herad sluttar seg til uttalen frå Hardangerviddatunellene AS pkt.1-11 som vist i vedlegg. I tillegg vil Ulvik herad nemna fylgjande som viktige prioriteringar i NTP 2018-2029:

- RV 7 Hardangervidda må få høg prioritet i planperioden. Når utgreiinga om vegen er klare må det vera avsett midlar i NTP 2018-2029 som fylgjer opp vidareutviklinga av denne vegen til ein heilårsveg, og framtidig stamveg. Nøkkelen til dette er lang tunnelloysing for Hardangervidda. Reiselivet si utvikling i Hardanger er avhengig av ein heilårsveg over vidda. Vidare er det viktig at ei slik satsing vil sikra fri ferdsl for reinen.
 - Ulvik herad er glad for at Vossabana Arna-Voss/E 16 Arna –Voss skal byggjast. Ny bane/veg på denne strekninga er grunnleggjande viktig for å trekkja indre deler av Hordaland nærare Bergensregionen. Dette vil vera svært viktig for utviklinga av næringslivet og arbeidslivet i ein region som slit med fråflytting nedgang i folketalet. Det må difor setjast av midlar til å gjennomføra dette på ein god og rask måte.
- FV 7 og RV 13 er viktige vegar gjennom Hardanger. FV 7 Granvin –Trengereid må oppgraderast til å bli ein avlastningsveg for E 16. Dette er særskilt viktig i anleggsperioden for ny E 16. Vegen må få status som riksveg.
- Også riksveg 13 treng utbetring. Dette gjeld særleg strekninga Odda- Bu. Auka ferdsl mellom kommunane i Hardanger krev betre vegstandard. Trygge vegar styrkar samhandlinga i regionen, i ei tid der storsamfunnet krev meir samhandling kommunane imellom.
 - Vidare vil me oppmoda sentrale myndigheiter til å prioritera ras-sikring av vegane i vårt distrikt. Kommunereforma vil føra til auka pendling og samhandling mellom fleire kommunar. Det er positivt. Skal dette bli opplevd som positivt må me ha vegar som er trygge å ta seg fram på. Midlar til ras-sikring må difor prioriterast høgt i NTP 2018-2019. På

dette punktet viser me til Hardangerrådet sin uttale av 27.4.2016.

11.05.2016 Formannskap

FSK- 026/16 Vedtak:

Samrøystes vedtak :

Ulvik herad sluttar seg til uttalen frå Hardangerviddatunellene AS pkt.1-11 som vist i vedlegg. I tillegg vil Ulvik herad nemna fylgjande som viktige prioriteringar i NTP 2018-2029:

- RV 7 Hardangervidda må få høg prioritet i planperioden. Når utgreiinga om vegen er klare må det vera avsett midlar i NTP 2018-2029 som fylgjer opp vidareutviklinga av denne vegen til ein heilårsveg, og framtidig stamveg. Nøkkelen til dette er lang tunnelloysing for Hardangervidda. Reiselivet si utvikling i Hardanger er avhengig av ein heilårsveg over vidda. Vidare er det viktig at ei slik satsing vil sikra fri ferdsel for reinen.
- Ulvik herad er glad for at Vossabana Arna-Voss/E 16 Arna –Voss skal byggjast. Ny bane/veg på denne strekninga er grunnleggjande viktig for å trekkja indre deler av Hordaland nærare Bergensregionen. Dette vil vera svært viktig for utviklinga av næringslivet og arbeidslivet i ein region som slit med fråflytting nedgang i folketalet. Det må difor setjast av midlar til å gjennomføra dette på ein god og rask måte.

FV 7 og RV 13 er viktige vegar gjennom Hardanger. FV 7 Granvin –Tren gereid må oppgraderast til å bli ein avlastningsveg for E 16. Dette er særskilt viktig i anleggsperioden for ny E 16. Vegen må få status som riksveg.
- Også riksveg 13 treng utbetring. Dette gjeld særleg strekninga Odda- Bu. Auka ferdsel mellom kommunane i Hardanger krev betre vegstandard. Trygge vegar styrkar samhandlinga i regionen, i ei tid der storsamfunnet krev meir samhandling kommunane imellom.
- Vidare vil me oppmoda sentrale myndigheiter til å prioritera ras-sikring av vegane i vårt distrikt. Kommunereforma vil føra til auka pendling og samhandling mellom fleire kommunar. Det er positivt. Skal dette bli opplevd som positivt må me ha vegar som er trygge å ta seg fram på. Midlar til ras-sikring må difor prioriterast høgt i NTP 2018-2019. På dette punktet viser me til Hardangerrådet sin uttale av 27.4.2016.

